



## Foreininga Fedre for Barnas Beste – vedtekter

### § 1 Foreininga sitt namn

Namnet på foreininga er: Foreininga Fedre for Barnas Beste. Forkorting: FFBB.

### § 2 Føremål

FFBB er ein frivillig organisasjon som arbeidar for:

1. Eit positivt oppvekst- og læringsmiljø som legg til rette for venskap for barn.
2. Å styrke relasjon, samarbeid og vennskap mellom fedre. Samarbeidande fedre bidreg til betra læringsmiljø, klassemiljø og skolemiljø.
3. Eit skule- og lokalsamfunn som er tufta på venskap, inkludering, respekt og fritt for mobbing.
4. Å stimulere fedre til positiv innsats for skulen og elevane.

### § 3 Aktivitetar

Aktivitetane finansierast via kontingent, inntekter frå aktivitetar og tilskot. Aktivitetane er tredelte:

1. Nettverk for fedre
  - Først og fremst arbeidar FFBB for å byggje positive nettverk mellom fedre. Fedre som er kjende med kvarandre bidreg til positiv samhandling til beste for barna.
  - FFBB tek mål av seg å arrangere fleire aktivitetar med sosialt, kulturelt og fagleg innhald.
2. Aktivitetar for barna
  - FFBB vil gjennom ulike verv, som i FAU, klassekontaktar osb, vere med å skape arrangement og aktivitetar som fremjar positiv trivnad og vennskap mellom elevane.
  - FFBB vil laga eigne aktivitetar for elevane for å fremje dei overordna føremåla til FFBB.
3. Kompetanseutvikling
  - FFBB vil arrangere kurs, seminar og kompetanseutviklende aktivitetar, slik at fedre vil styrke seg sjølv og kvarandre i rolla som forelder.
  - FFBB vil vere høyringsinstans i ulike lokale saker som har påverknad for barnas beste.

### § 4 Organisasjon og medlemsskap

1. FFBB er ein partipolitisk og religiøst uavhengig organisasjon.
2. FFBB har nynorsk som målform.
3. FFBB er ein organisasjon for fedre i Voss kommune. Organisasjonen er open for fedre på alle barneskulanane, ungdomsskulane og dei vidaregåande skulanane i kommunen. Foreininga kan ha nettverk på dei ulike skulanane.
4. Medlemmane betalar medlemsskap til organisasjonen. Kvinner kan vere støttemedlem.
5. Medlemsskapet opphørar ved utmelding eller ved manglande betaling av kontingent.
6. Foreininga er ein sjølveigande og frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Foreininga kan ikkje stiftre gjeld.
7. Vedtektena kan berre endrast med 2/3 fleirtal på årsmøte eller ekstraordinært årsmøte.
8. Opplysing kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Opplysing skjer ved 2/3 fleirtal.

### § 5 Styret

1. Foreininga si øvste myndigkeit er årsmøtet. Årsmøte skal haldast innan utgangen av mars kvart år. Årsmøtet godkjenner rekneskap, budsjett og handlingsplan. Valkomiteen innstiller. Årsmøtet vel styret.
2. Styret er sett saman av leiar, nestleiar, kasserar, skrivar, HMT-ansvarleg og styremedlem. Vara møter i styret.
3. Styret vert vald for to år om gongen. Styret er vedtaksfør når eit fleirtal er tilstades.

Handsama på stiftings- og årsmøtet 25.06.2013. Vedtektena gjeld frå same dato.